



Siv.ing Vidar Mjøs
Fabrikkgaten 7b
5059 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1814 - 19/13007

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
11.09.2019


Byggesak gbnr 27/12 Kvalheim øvre/Fløholmen - småbåthamn - planstatus etter ny kommuneplan

Visar til dykkar e-post av 28.08.19 og 09.09.19.

Planstatus

Planstatus for eignedomen gbnr 27/12 er ikkje vesentleg endra som følgje av vedtak av ny kommuneplan for Radøy kommune.

Arealføremål i sjø er 6230 Småbåthamn – framtidig, og det er vist juridisk line 1111 Byggegrense samanhengende for land- og sjøføremålet.



Kartutsnitt som viser kommuneplandata for gbnr 27/12, inkludert juridisk line 1111 Byggegrense

Byggegrensa er lagt som ei samanhengande grense for land- og sjøarealet fordi det i ei småbåthamn typisk vil vere tiltak som bryt strandlina og ligg både i sjøføremål og landføremål. Byggegrensa vil hindre at tiltak i sjø, som er forankra i land, vert råka av byggeforbodet i 100-meterssona etter plan- og bygningslova § 1-8.

Generelt plankrav følgjer av føresegner til nye kommuneplan pkt 2.1, jf. pkt 3.5.3.

Ein ny rammesøknad for flytebyggje på Fløholmen vil difor framleis krevje dispensasjon frå plankrav, og frå byggegrensa i den grad tiltaket bryt med byggegrensa som er vist i plankartet.

Krav om omgjering, mynde og vidare framdrift

Administrasjonen i Radøy kommune har delegert mynde i ordinære byggesaker etter plan- og bygningslova. Det har difor ikkje vore aktuelt å fremje rammesøknad av 28.08.18 for politisk handsaming.

Vedtak i sak 18/1814 har allereie vore vurdert omgjort både av Radøy kommune i brev av 01.11.18 og av Fylkesmannen i Vestland i vedtak av 11.01.19. Fylkesmannen har vurdert alle sider av saka, uavhengig av klagegrunnar.

Søknad om rammeløyve av 28.08.18 er avvist og kan ikkje handsamast.

Ein eventuell ny søknad om rammeløyve må dokumenterast i samsvar med det som fremgår av kommunen sitt avvisningsvedtak i sak 18/1814. I tillegg til dei krav til dokumentasjon som følgjer av plan- og bygningslova og byggesaksforskrifta, vil tiltaket krevje dispensasjonar. Kommunen gjer merksam på at Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i vedtak i sak 09/2018 har gjeve tydeleg signal om at småbåthamn på Fløholmen skal handsamast som plansak i samsvar med kommuneplanen. Dette vedtaket bør tilleggjast vekt i dykkar vurdering av ein eventuell dispensasjonssøknad.

Med helsing

Silje Haukedal
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Siv.ing Vidar Mjøs

Fabrikkgaten 7b

5059

BERGEN